



Dei grunnleggjande menneskerettane

Taler

Ole Danbolt Mjøs

Dato

10 desember 2003

Sted

Oslo Rådhus

Omstendigheter

Tildeling av Nobels fredspris til Shirin Ebadi

- 1 Dykkar Majestet, Høgvyrde Kronprinspar, Prisvinnar, Eksellensar, Mine damer og herrar.

- 5 "Den Norske Nobelkomite har bestemt at Nobels fredspris for 2003 skal tildelast Shirin Ebadi for hennar innsats for demokrati og menneskerettar. Ho har særleg engasjert seg i kampen for rettane til kvinner og born." Dette var den første setninga i komiteen si kunngjering av årets fredspris den 10.oktober. Eg trur kunngjeringa allereie har forandra livet ditt, Shirin Ebadi. Namnet ditt kjem til å lysa i historia til fredsprisen. La oss håpa at prisen også kan inspirera til
- 10 endringar i ditt kjære heimland, Iran, og i mange delar av verda der dei treng å høyra di klåre røyst. - Og la meg med det same leggje til: Det gjeld også i Vesten. Grunnleggjande verdiar som fridom, rettferd og respekt for menneskeverd vil overalt og til alle tider trengja årvakne og kritiske forkjemparar.

- 15 Den store persiske poeten Rumi, eller Maulavi, som iranarane gjerne kallar han, levde på 1200-tallet. Han har ein stad i det store verket Mathnawi eit lite dikt om ein stakkar som blir angripen av ein frykteleg drake. Ein heltemodig redningsmann styrtar til i siste augneblinken, og Rumi kommenterer slik:

- 20 I ei verd finst det slike hjelparar, som spring til
Og reddar mennesket som skrik. Som Nåden sjølv spring dei til.

Og dei svihtar ikkje. Skulle du spørja ein av dei: "Kvifor kom du så raskt?", ville han eller ho svare:

- 25 "Fordi eg hørde kor hjelpelaus du var."

Ein annan av dei store persiske poetane, Sa'di frå Shiraz, som også levde på 1200-

30 tallet, seier i det berømte verket Rosehagen - Golistan - at den som er likegyldig
overfor andre sine lidingar, sviktar det sant menneskelege.

Kjære Shirin Ebadi,
Du og det iranske folket står i tradisjonen frå Sa'di og Rumi. Du er både vegvisar
og brubyggjar. Du arbeider for å knytta menneske saman på tvers av kultur, rase
35 og religion! Det er adelsmerket ditt!

Den norske diktaren Arne Paasche Aasen skreiv i 1946 det nydelege diktet "Din
ungdom" - om å vera ung av sinn - der han mellom anna seier:

40 Nå roper en verden: Vi trenger ditt hjerte,
din evne, ditt brennende sinn!
Og fikk du din ungdom til odel og eie,
så bruk den -. Sett kreftene inn.

45 Kjære Shirin Ebadi,
Du er ung av sinn. Du har rike evner. Du har eit varmt hjarta. Du er djerv. Vi
beundrar innsatsen din. Verda treng deg!

Gratulerer med Nobels fredspris for 2003! Den Norske Nobelkomite er
50 overtydd om at fredsprisen kjem til rett person, til rett tid og til rett stad. Då
direktøren på Nobelinstituttet ringde heim til Ebadi i Teheran for å fortelja den
glade nyheita, svara mannen hennar at kona var i Paris og ikkje lett å nå - ho
hadde gløymt mobiltelefonen heime. - I alle høve, budskapet om at du hadde
fått Nobels fredspris nådde deg raskt i Paris, og konferansen braut saman i
55 elle vill jubel. Du visste ikkje eingong at du var nominert til Nobels fredspris, har
vi fått høyre i ettertid.

Sidan strøymde reaksjonane på. Ikkje alle kjende namnet ditt. Men verda
forstod med det same kva komiteen meinte: Alle menneske har krav på
60 grunnleggjande rettar. Og i ei tid der islam blir demonisert i vide krinsar i
Vesten, ønsker Den Norske Nobelkomite å understreka kor viktig og verdfullt
det er med dialog mellom menneske og mellom sivilisasjonar. Dette er eit ønske
dei fleste menneske deler. Derfor har reaksjonane på prisen i år vore så positive,
sjølv om vi forstår om du kanskje hadde håpa på nokre fleire gratulasjonar frå
65 myndigheitene i det landet og den regionen du sjølv høyrer til. - Og no er du jo
med eitt blitt svært så kjend rundt om i verda!

70 I dag er du, Shirin Ebadi, her i Oslo Rådhus for å ta imot Nobels fredspris for 2003. Og vi gleder oss saman med deg, den næraste familien din og dei næraste venene dine; mange av dei er her i Rådhuset i dag.

75 Det er ei stor glede for Den Norske Nobelkomite for første gong i historia å dela ut Nobels fredspris til ei kvinne som høyrer den muslimske verda til og som den verda kan vera stolt av - saman med alle som strir for menneskerettar rundt i heile verda.

80 Det er vår von at folket i Iran vil kjenna glede ved at ein borgar av landet ditt, for første gong i historia, får Nobels fredspris. Og vi vonar at prisen blir til inspirasjon for dei mange som arbeider for menneskerettar og demokrati i landet ditt, i den muslimske verda og i alle land både i Aust og Vest - over alt der arbeid for menneskerettar treng inspirasjon og støtte.

85 Shirin Ebadi får altså Nobels fredspris for hennar innsats for demokrati og menneskerettar, og særskilt for hennar kamp for rettane til kvinner og born. Klårt og tydeleg slår ho fast at ho er mot ein patriarkalsk kultur som nektar like rettar for kvinner, for halvparten av innbyggjarane. Men mødrene må også vera medvetne om oppgåvene sine. Det er dei som oppdrar dei unge gutane til menn og som oppdrar jentene til å bli sterke kvinner. Ebadi er grunnleggjar og leiar av 90 Association for Support of Children's Rights in Iran med om lag 500 aktive medlemer. Senteret ligg i Teheran og dei utarbeider opplysningsmaterieil til bruk i skulen og driv krisetelefon for born. Nobelkomiteen vonar at tildelinga av fredsprisen til Ebadi vil medverka til å setja born sine rettार i fokus over heile verda.

95

I eit intervju blir Shiran Ebadi spurt: "Har du ein bodskap til muslimske kvinner?" "Ja", svarar ho, "kjemp vidare". "Ikkje tru på at du er tiltenkt ei lågare stilling i samfunnet. Få deg utdanning! Gjer ditt beste og konkurrer på alle områda i livet. Gud skapte oss alle likeverdige. Ved å kjempa for likestilling gjer 100 vi det Gud ønsker vi skal gjera", hevdar Ebadi. - Og det er verd å merka seg at ved universitetet i Teheran er omlag 60 prosent av studentane kvinner. Samtidig må vi ikkje gløyma kvinnene sine legitime krav om likskap for lova. I forhold til lov og rett må alle stilla likt, og kvinner må ha nøyaktig same rettार som menn. Shirin Ebadi står i fremste rekkje i denne saka. Dette beundrar vi henne for.

105

Mange har fått dra nytte av Ebadi sin omtanke og arbeidskraft. Ho har tala flyktningane si sak i ein region der dei er så mange, og der dei så sårt treng hjelp. Ho påpeikar også rettane til alle borgarar, uansett religion, etnisk opphav eller politisk syn. Det gjeld også deira rett til frie ytringar.

Som advokat, domar, førelesar, forfattar og aktivist har røysta hennar lydd klår og sterk i hennar land, Iran, og langt utover heimlandet sine grenser. Ho har stått fram med fagleg tyngd, stort mot og ho har trassa faren for eigen tryggleik. Ho er ei folkets kvinne!

Kampen for dei grunnleggjande menneskerettane er hennar fremste arena, og ikkje noko samfunn kan kallast sivilisert utan at rettane til kvinner og born blir respekterte. I ei valdeleg tid har ho konsekvent stått for ikkje-vald. For henne er det grunnleggjande at den øvste politiske makta i eit samfunn må kvila på demokratiske val. Ho legg vekt på at opplysning og dialog er beste vegen til å endra haldningar og løysa konflikhtar. Etter år med refleksjon er ho kome til at revolusjon aldri fører til dei endringane dei revolusjonære lovar. Vegen vidare må gå gjennom ikkje-vald og dialog, lov og rett.

Igjen og igjen understrekar åretas prisvinnar at ho er iranar. "Eg er stolt over å vera iranar. Eg kjem til å leva i Iran så lenge eg berre kan," seier ho. For Ebadi har det vore det same som eit liv i frykt, men ho har lært seg å leva med frykta. Og ho er optimistisk med tanke på framtida. Folk insisterer på å styra seg sjølv. Det er slutt på tida då styresmaktene kunne trua seg til makt. Makthavarane "vil koma til å sjå at at tida for å styra gjennom frykt tek til å nærma seg slutten rundt om i verda. Kvifor skulle Iran vera noko unntak?" - seier ho.

Dei 110 personane og organisasjonane som gjennom åra har fått Nobels fredspris, er høgst ulike. Men ein ting har dei fleste til felles: Dei er optimistar, ukuelege optimistar. Det er optimismen som gjev dei den inspirasjonen som er nødvendig i den kampen dei fører. Mange av prisvinnarane er i tillegg fylt av eit mot som vi knapt kan forstå. Under dei mest utfordrande omstende står dei på, dag etter dag, år etter år.

Shirin Ebadi har risikert mykje. Som advokat fører ho saker for retten som få andre vågar å ta. Ideane hennar spreier seg vidare og vidare. Og for igjen å sitera den norske diktaren Paasche Aasen: du skal vere tru mot din eigen ungdom, "så den åker du pløyer kan gro når din gjerning er gjort."

Det finst fleire lange liner i den 102-årige historia til Nobels fredspris. I dei siste tiåra er kanskje den aller tydelegaste den stadig aukande vekt som Den Norske Nobelkomite legg på demokrati og menneskerettar. Det kan diskutertast kven
150 som fekk den første fredsprisen innan denne tradisjonen. Var det prisen til Woodrow Wilson i 1919 eller den til Carl von Ossietzky for 1935 eller den i 1951 til den franske fagforeningsleiaren Leon Jouhaux? Sjølv om menneskerettane var ein dimensjon i alle desse tre prisane, var det også andre dimensjonar ved dei. Den første uomtvistelege menneskerettsprisen var kanskje
155 derfor likevel prisen til Albert Lutuli frå Sør-Afrika for 1960.

I dei meir enn fire tiåra som er gått er det blitt mange slike prisar. Nokre namn lyser endå sterkare enn andre: Martin Luther King (1964), Andrei Sakharov (1975), Amnesty International (1977), Lech Walesa (1983), Desmond Tutu
160 (1984), Aung San Suu Kyi (1991) - vi tenkjer særskilt på henne i dag - Rigoberta Menchu (1992) og Nelson Mandela (1993), og altså i år, Shirin Ebadi. I ein slik samanheng skjønar vi betre både kva årets prisvinnar har utretta og kva konsekvensar ein slik pris kan få når han verkar som best.

165 Tanken om menneskerettar og demokrati vinn fram, sjøl om langsamt. Å praktisera menneskerettar er alltid ei utfordring; det blir stilt store krav til den som ønsker å leva opp til sine ideal. At tanken om folkets rett til å styra gjennom frie valg etter kvart vinn fram i mange delar av verda, er det grunn til å gleda seg over. Samanlikna med for berre 10-15 år sidan har heile Aust-Europa, Russland
170 og fleire andre land i det tidlegare Sovjetunionen, mange statar i Aust-Asia og ikkje minst i Latin-Amerika, og også nokre få i Afrika fått demokratiske styresett. Kanskje kan Den norske Nobelkomite stimulere til ei utvikling som likevel i hovudsak har lokale røtter og forklaringar. Kvart folk må kjempa sin eigen kamp. Men vi på utsida kan gje vår sympati og våre bidrag.

175 Ebadi er medveten muslim. Ho ser ingen motsetnad mellom islam og fundamentale menneskerettar. Islam er ein mangfaldig religion. Korleis budskapen om rettferd skal omsetjast i praksis, og korleis mennesket si verdigheit skal forsvart, er eit viktig spørsmål for dagens muslimar. - Vi vil lytta
180 til alle gode nytolkingar, alle reformforslag. Her har også kvinnenene ei viktig rolle å spela - det er ikkje lenger berre eldre menn som skal tolka denne budskapen, framhevar mange muslimske kvinner. "Dei som drep i islam sitt namn, dei misbrukar islam", seier Ebadi. Vi veit at menneskerettar ikkje berre

185 blir krenka i muslimske land. Det kan skje anten regima er religiøse eller
sekulære, nasjonalistiske eller marxistiske.

For Ebadi er det derfor ikkje religionen som er den djupaste årsak til problema. -
Men uansett bør stat og religion skiljast, etter hennar syn, fordi det politiske
190 rommet skal vera ope for så mange ulike interesser og syn. Ebadi legg vekt på at
dialogen mellom dei ulike kulturane i verda må ta utgangspunkt i dei verdiane
dei har til felles. Det treng ikkje vera nokon grunnleggjande konflikt mellom
islam og kristendom. Derfor var ho så glad for at paven var blant dei første som
gratulerte henne med fredsprisen.

195 Det er mogeleg at fredsprisen på kort sikt kan ha ført til meir ufred enn fred i
nokre av heimlanda til fredsprisvinnarane. Men Nobelkomiteens verdsetjing av
demokrati og menneskerettar kviler på den tru at på lengre sikt kan ikkje
undertrykking halda fram. Ikkje minst i dei siste par tiåra har vi altså sett korleis
200 store delar av verda brått har kasta av seg diktaturet. Undertrykking fører til
konflikt. Folk flest vil ganske enkelt ikkje finna seg i "gravlundens fred". Og eit
av dei sikraste funn i moderne statsvitskap er nettopp at demokrati ikkje går til
krig mot kvarandre.

205 Eg appellerer til kvart menneske, kvart folk, kvar nasjon i verda:

La oss saman arbeida for ei betre verd.

La oss byggja fred og hindra krig.

La oss gjera verda til ein betre stad å bu i for ung og gamal.

210 La oss setja menneskeverdet og menneskerettane i sentrum.

La oss kjempa mot fattigdom og sjukdom i verda.

La rettferd, respekt og samarbeid prega folk og nasjonar over heile verda.

La oss SAMAN realisera draumen om fred i verda.

215 Som det universitetsmenneske eg er, utfordrar eg alle universiteta i verda til å bli
endå tydelegare til å understreka verdas behov for fred, for demokrati og for
sosial og økonomisk rettferd.

Kjære fredsprisvinnar Shirin Ebadi,

220 Vi beundrar innsatsen din for menneskerettane generelt, og særskilt kampen din
for rettane til kvinner og born.

Vi beundrar arbeidet ditt for fred utan bruk av vald.

Vi beundrar arbeidet ditt for dialog mellom religionane i verda.

225 Vi vonar at Nobelprisen kan bidra til at draumen din blir realisert.

La meg til slutt venda tilbake til den store diktaren Rumi, som ønskte å avsløra
alt som hindrar oss i å sjå verda som ho er - og som samstundes fortel oss at
visjonen eller draumen gjev klårsyn. I diktet, som i norsk språkdrakt ber tittelen
230 "Draumen som må tolkast", seier Rumi:

og trass i at vi synest å sova, finst det ei indre årvaken stemme som styrer
draumen, som til sist skal vekke oss opp til sanninga om kva vi er.

235 Den store norske diktaren Olav H. Hauge hadde også ein draum. Han skreiv i
1966 det nydelege diktet: "Det er den draumen" - som eg gjerne vil avslutta talen
min med:

240

Det er den draumen me ber på
at noko vedunderleg skal skje,
at det må skje --

at tidi skal åpna seg
245 at hjarta skal åpna seg

at dører skal åpna seg
at berget skal åpna seg
at kjelder skal springa --
at draumen skal åpna seg,

250 at me ei morgon stund skal glida inn
på ein våg me ikkje har visst om.

Gratulerer, Shirin Ebadi, og lukke til vidare!

255 © The Nobel Foundation

Kilde

nobelpeaceprize.org

260 **Emner**

Barn, Iran, Islam, Kvinner, Kvinnesak, Menneskerettigheter, Menneskeverd, Nobelpris, Nobels fredspris, Overrekkelsestale

URI

<https://www.virksommeord.no/tale/dei-grunnleggjande-menneskerettane>

265

270

275

280

285

290

295

300